



Den nye industrialiseringa skjedde på bokmål, målørsla fekk korkje innpass i byane som vaks fram etter krigen eller i arbeidarrørsla. Scanpix-foto frå Herøya 1960

Tilbakegangen kom ikkje av krigen

Andre verdskrigen er skuld i mykje vondt, men å halde krigen ansvarleg for nynorskens tilbakegang er for enkelt, skal vi tru historikar og forfattar Oddmund Løkensgard Hoel.

SPRÅK

SIGRID SØRUMGÅRD
BOTHEIM

sigrid.botheim@gmail.com

Mål og modernisering 1868-1940 inngår som andre band i serien om norsk målreising. Denne boka er ein omarbeidd versjon av Oddmund Løkensgard Hoels doktorgradsavhandling frå 2009. Hoel fortel at det han har undersøkt kan kokast ned til to spørsmål. Det eine er kvifor det gjekk så utrulig bra med målreisinga i tiåra fram til andre verdskrigen. Det var ei eventyrleg framgangsperiode. Nynorsken vart uttrykket for ei samla bygdereising. Men det vart òg eit tveiggja sverd. Det er med på å forklare den sterke framgangen, samtidig vart det ein hemske jo meir urbaniseringa greip om seg.

Det andre spørsmålet er om det er muleg å finne noko av forklaringa på dei problema som meldte seg etter krigen. Ein har ofte forklart nynorskens nedgang til forhold under og rett etter okkupasjonstida. Men før 1940 mislukkast målørsla heilt med å få nynorsken inn i byane. Den nye industrialiseringa skjedde på bokmål. Og det var problem med innpass i arbeidarrørsla. Dette er tre trekk som gjorde at målørsla stod dårleg rusta i ei tid der desse fenomena i stadig sterkare grad prega utviklinga av det norske samfunnet.

BY OG LAND

Målspørsmålet vart tidleg gjort til ei reising av bygdedialektar, og er kanskje ein av grunnane til at nynorsken aldri

greidde å erobre byane, seier Hoel.

– Ingen oppfatta at bydialektane spela nokon rolle for landsmålet. Da vart det naturleg ei deling mellom landsmålsfolket og oppnorskingsflokket til Knud Knudsen. Målfolket arbeidde for eit nytt språk bygd på det dei oppfatta som bygdedialektar, medan etterfølgjarane til Knud Knudsen arbeidde for eit norsk språk med utgangspunkt i bydialektar. Det var fyrst ut på 1900-talet at det begynte å koma granskningar av bydialektane som eigentleg viste at dei var veldig like bygdedialektane rundt byane. Det var muleg å seia at landsmålet var eit like godt uttrykk for bydialektane òg, men på dette tidspunktet var løpet køyrd. Etter 1900 var by-land-fronten i målstriden skrudd fast, noko målreisinga aldri klarte å koma seg ut av.

– For riksmålsrørsla er tida frå den organiserte starten i 1899 og fram til andre verdskrigen stort sett ei samanhengande rekkje med nederlag, men riksmålsfolket greidde éin ting som var viktig, dei greidde å halde nynorsken unna byane.

– Vil du seia at det er éin av målørsla sine største feil, at målsaka vart ein kamp for bygdenoreg?

– Eg vil vera varsam med å moralisere og seia kva ein burde gjort annleis. Dei oppnådde ein framgang ved å satse på bygdekortet. Samtidig skapte det problem ein aldri kom seg ut av. Eg veit ikkje om ein hadde oppnådd noko anna om ein hadde prøvd å gjera målreisinga til eit urbant prosjekt. Det er ikkje sikkert. Kanskje hadde ein gjeve frå seg eitt av dei beste korta utan å få noko til-

bake. Men det leiande sjiktet i målørsla hadde ei dårleg analyse av urbaniseringa, det meiner eg det går an å seia.

– Kva trur du hadde skjedd om for eksempel Bergen hadde blitt ein nynorskby?

– Det hadde heilt klart vore ein fordel for nynorsken, men samtidig ville det gjeve eit enda sterkare landsdelspreg. Om ein ser på ein del andre målreisingsprosjekt, for eksempel det katalanske, så har byborgarskapet og sterke grupper i byane kjempa fram språket. Det måtte i så fall ha vore eit slikt fenomen som kunne gjeve nynorsken innpass i ein eller fleire byar.

OVERTYDING

Som nynorskbrukar var ein åleine på slutten av 1800-talet. Det var få bøker og aviser på nynorsk. Dermed måtte ein vera sterk i trua.

– Det var ikkje noko skilje mellom nynorskbrukarar og målfolk. Ein kunne ikkje skrive nynorsk utan å vera overtydd, og ein arbeidde ofte organisert for målsaka. Det at det blir muleg å vera nynorskbrukar utan å vera overtydd målperson er eit uttrykk for styrke.

– Kva risikerte ein ved å begynne å skrive nynorsk etter jamstillingsvedtaket i 1885?

– Det vart ikkje alltid akseptert i yrkessamheng. Ein fekk ofte ikkje inn ting i blad og aviser som var redigert på hovudspråket. Om ein leverte ein universitetseksamen på nynorsk før 1908, så risikerte ein å stryke.

– Har du eit favorittnynorskord?

– Rørslé. Det er eit fint ord.

Ved inngangen til 1900-talet inntrykk av. Men den militære

Militære fram

Framstillingar av tilhøvet mellom arbeidarreisinga og målreisinga legg gjerne vekt på arbeidarrørsla si likesæle til målspørsmålet. Arbeidarpartiet (DNA) hadde fram til 1930-åra ei erklært språkpolitisk nøytralitetsline, uttrykt av Torgeir Vraa i Stortinget i oktober 1906 med dei legendariske orda: «Enten gryta skal skrives 'gryta' eller gryden med 'd' eller gryten med 't', er det dette, som er en hovedting, en stor sag? Jeg er maalmænd forsaaviddt, men jeg synes, at der utvilsomt er en større sag, om det norske folk kunde have nok mad i 'gryta si', end hvordan ordet skrives.»

Motsetnaden mellom målreising og arbeidarreising fell òg ofte lett i augo. Den mest profilerte politikaren til DNA etter at partiet kom inn på Stortinget i 1903 var ein riksmålsmann. Alfred Eriksen vart seinare formann i Riksmålsforbundet og vart ekskludert frå DNA i 1912 på grunn av riksmålsaktivismen. Lokalt var det gjerne konfliktar mellom konservative nynorskbynder og sosialistiske riksmålsarbeidarar. Legg ein til avstanden mellom ein internasjonal sosialisme og ein nynorsk kulturnasjonalisme, står det fram som sjølv sagt at tilhøvet mellom dei to rørslene aldri kunne bli særleg godt.

GODT TILHØVE

Situasjonen var likevel meir open mellom dei to rørslene enn ein ofte kan få inntrykk av, særleg kring 1905, og iallfall om ein held seg til elitenivået i målørsla og DNA. Leiande målfolk hadde sidan 1880-åra vore å finna i den mest radikale fløya i Venstre, og innslaget av målfolk i arbeidarsamfunnsrørsla var stort. Den leiande målavisa og Venstre-avisa *Den 17de Mai* (1894) plasserte seg i mange saker på dei sosiale og økonomiske felt (som åttetimarsdagen) i grenselandet mellom Venstre/Arbeidar demokratane og det framveksande DNA.

DNA var på si side i realiteten eit støtteparti for målsaka bak den proklamerte nøytralitetslina. På oppropet for målmannsstemna på nyåret 1906 der Noregs Mållag (NM) vart skipa, finn me tre av dei fem stortingsrepresentantane som då sokna til DNA. Dei var alle nordnorske og kom såleis langt frå kjerneområdet til målørsla. Sentrale miljø i målørsla og DNA hadde funne saman i kampen for republikk hausten 1905, og i 1907 var seks av sju DNA-representantar med på vedtaket om obligatorisk sidemålsprøve i gymnaset. Berre Eriksen

et stod målrørsla og arbeidarrørsla nærare einannan enn ein ofte får
politiske aktivismen til målrørsla kom i vegen.

Utærpolitikk for målsak

røysta imot, og jamvel ikkje Venstre si stortingsgruppe slutta så mann-
jamnt opp om vedtaket. Dei to mest
målvenlege DNA-representantane
var den nemnde Torgeir Vraa frå
Drammen, med skule- og venstre-
bakgrunn, og sameaktivisten Isak
Saba frå Aust-Finnmark. På lærar-
seminaret i Tromsø hadde Saba fått
augo opp for fellestrekkja mellom
den nynorske og samiske målrei-
singa.

Samstundes fanst òg ei markant
riksmålsfløy i DNA med Eriksen
som fremste talsmann. Den offisi-
elle nøytralitetslina i målspørsmå-
let, som Vraa òg agiterte for, må i
denne samanhengen ikkje forståast
som eit uttrykk for likesæle, men
det stikk motsette: Ei frykt for at
det latente språkengasjementet i
partiet kunne koma til å dominera
framfor andre og viktigare saker og
i verste fall kløyva partiet om det
vart sleppt fritt.

FREDSSAUER OG FREDSVENER

Dei største konfrontasjonane mel-
lom målrørsla og DNA galdt ikkje
språk, men militærvesen. Ein kan
følgja ein sterk militærpolitisk akti-
visme i leiande miljø i målrørsla
frå folkevæpningsrørsla i 1880-åra
gjennom opprustinga mot Sverige
i 1890-åra, opposisjonen mot Karl-
stad-forliket hausten 1905 og til
opprustinga fram mot fyrste verds-
krigen.

DNA tok på landsmøtet i april
1906 eit oppgjer med sin eigen
Karlstad-opposisjon, og folkevæp-
ningslina vart no erstatta med kra-
vet om «Militarismens afskaffelse». Målrørsla omdefinerte derimot den gamle folkevæpningslina til varm støtte til det eksisterande kaderbaseerte militærvesenet. Den store uni-
onsradikale Venstre-helten frå 1905, oberst og tidlegare forsvarsminister Georg Stang, fann sine sterkaste støttespelarar i norsksdomsrørsla, og i valkampen 1906 kvitterte han med varm støtte til målsaka. Då Stang brått døydd i 1907, var det Noregs Ungdomslag (NU) som kosta gravferda og gravmonumentet på Vår Frelzers Gravlund. Dei neste åra hadde NU og Norges Forsvarsforening eit omfattande samarbeid.

Tilhøvet mellom målrørsla og arbeidarrørsla vart for alvor sett på prøve då krigsskyene drog seg til over Europa. For arbeidarrørsla

vart avrusting ei stadig viktigare mobiliseringssak. Same dag som Stortinget vedtok den nye fløteplanen i 1912, demonstrerte meir enn 30.000 i hovudstaden.

Dei leiande målfolka tok no fram det grove skytset mot DNA. Klaus Sletten skreiv i 1915 at «Sume stader hev avvæpningsmennene – som rett er – meldt seg ut or [ungdoms]lagi. Andre stader – men det er i eit faatal av lagi – hev dei fenge

Hovudmotsetnaden
for leiande målfolk
gjekk no mellom
«fredssauerne», som
ville ha avvæpning,
og «fredsvenerne»

fleirtalet paa si sida og meldt lagi ut or samskipnaden. Det er ogso rett.» Den politiske hovudmotsetnaden for leiande målfolk som Nikolaus Gjelsvik og Sletten gjekk no mellom «fredssauerne», som ville ha avvæpning, og «fredsvenerne», som ville ha opprusting. *Riksmåls-Bladet* let ikkje sjansen gå frå seg og melde at «maalfolket (lederne) er «militærgalne» og at «militarismens udvikling er en av deres store saker». Gjennom desse åra sende ikkje mål-
laget ein gong valprogrammet sitt til DNA, slik dei heller ikkje gjorde til riksmålspartiet Høgre.

SNUOPERASJON

Etter fyrste verdskrigen kom dei leiande målfolka brått på andre tankar. Dette vart eit tidsskilje i synet på krig og militærmakt i heile den vestlege verda, og målrørsla var ikkje noko unntak. Men det som verkeleg fekk målrørsla på glid, var den store framgangen til DNA i stortingsvalet hausten 1918. Etter at Venstre frå 1909 kunne styra med Gunnar Knudsens fleirtalsregjering, var ikkje målrørsla avhengig av dei andre partia på Stortinget. Det endra seg brått i 1918. Skrivar (generalsekretær) i NM og NU, yrkesoffiseren Edvard Os, hadde eit par år før vore med på å erklæra DNA som den politiske hovudmotstandaren til målrørsla. På årsmøtet i NM i januar 1919 hadde pipa fått ein

annan lyd. Mykje var vunne, meinte Os, «um ein i nær framtid kunde få socialistdagblad på norsk. For den norske målreisningi har vore og er ei sak for arbeidarar og bønder, for det samla demokrati i landet.» Dette innleidde ein større sjarmoffensiv mot arbeidarrørsla der målsak og arbeidarsak var hovudemne på mållagsårsmøta 1920, 1921 og 1922 med innleiingar av sentrale DNA-folk.

Det mest framståande uttrykket for lineskiftet var valet av sosialdemokraten Halvdan Koht til formann i NM 1921–25. I 1921 gav han ut det kjende programskriftet *Arbeidarreising og målspørsmål* på oppdrag frå DNA-leiinga. Same året kom nynorskutgåva av *Det kommunistiske manifestet*, omsett av typografen og fagforeiningsleiaren August Bosse. Manifestet vart marknadsført og seld av skrifvarstova til antikommunisten Os. Ein fann på denne tida ei rekkje folk med sympatiar for målsaka sentralt i dei tre arbeidarpartia, som Olav Schefloe, Martin Tranmæl, Reinert Torgeirson (sjef i DNAs forlag), skulepolitikarane Johan Gjøstein og Per Kviberg, stortingspresident Anders Buen, og yngre folk som Kaare Fostervoll og Klaus Sunnanå.

Målrørsla fekk DNA med på å innføra *Nidaros*-namnet i 1929, men i 1931 gjekk partiet tilbake på vedtaket til store protestar frå målfolket. 1938-rettskrivinga stadfeste at DNA i motsetnad til Venstre gjekk sine egne vegar i målspørsmålet og ikkje let seg diktera av målrørsla. Det er ei rekkje årsaker til at tilhøvet mellom målrørsla og DNA aldri vart meir fortruleg, men det er liten tvil om at den militærpolitiske aktivismen til målrørsla er ein viktig del av forklaringa.

ODDMUND L. HOEL

oddmund.hoel@hisf.no



Oddmund L. Hoel er førsteamanuensis i historie ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Artikkelen byggjer på boka Norsk målreising II. Mål og modernisering 1868-1940 (Samlaget 2011).



Helten frå 1905, oberst og tidlegare forsvarsminister Georg Stang, fann sine sterkaste støttespelarar i norsksdomsrørsla. Noregs Ungdomslag (NU) kosta gravferda for han i 1907 og gravmonumentet på Vår Frelzers Gravlund